


KI-notat nr.: 74/2010 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Småkraft AS / Kvernhuselva kraftverk		
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane / Gulen		
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.	
Saksbehandler:	Kirsten Marthinsen	Sign.:	Kirsten Marthinsen
Dato:	17 DES 2010		
Vår ref.:	NVE 200706247-15		
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken		

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Småkraft AS - Søknad om tillatelse til å bygge Kvernhuselva kraftverk i Gulen kommune, Sogn og Fjordane

Innhold

Sammendrag	2
Søknad	2
Høring og distriktsbehandling	4
Søkers kommentar til høringsuttalelsene.....	14
Tilleggsopplysninger	17
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader	18
NVEs vurdering	23
NVEs konklusjon.....	31

Sammendrag

Småkraft AS har søkt om tillatelse etter vannressursloven § 8 til å bygge Kvernhuselva kraftverk. Kraftverket vil ligge i Gulen kommune i Sogn og Fjordane. Inntaket vil ligge like nedstrøms Storlivatnet. Kraftverket blir plassert på innmark oppstrøms samløpet mellom Kvernhuselva og Storelva. Det vil utnytte et fall på 356 eller 366 meter, avhengig av hvor kraftstasjonen blir plassert. Installert effekt er 3,6 MW og middelproduksjonen 11,5 GWh.

Verken Gulen kommune eller Sogn og Fjordane fylkeskommune går imot utbyggingen, men begge ønsker at det stilles krav om jordkabel. Fylkeskommunen ønsker også avbøtende tiltak for landskap og friluftsliv. Forutsatt at det blir krevd minstevannføring hele året og god landskapstilpassing av tiltaket, vil Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ikke gå imot en utbygging. De påpeker imidlertid at tiltaket er i strid med rikspolitiske signaler og målsetninger om forvaltning av urørt natur. Sogn og Fjordane Turlag er imot utbyggingen på grunn av konsekvenser for landskap, friluftsliv og inngrepsfrie naturområder. Både turlaget og Fylkesmannen ønsker at man ser på sumvirkninger med andre prosjekter i området. Også fylkeskommunen tar også opp problemstillingen rundt sumvirkninger.

Utbyggingen vil medføre sterkt redusert vannføring i Kvernhuselva. Den vil også innebære tap av nesten alt gjenværende INON sone 1-areal på fastlandet i Gulen kommune. Rørgate fra dalbunnen opp til Storlivatnet vil bli svært fremtredende i landskapet. En utbygging med tunnel vil gi vesentlig mindre landskapspåvirkning enn alternativet med nedgravd rørgate. Fordelene ved tiltaket vil være produksjon av fornybar energi og økte inntekter til kommune og grunneiere, noe som vil kunne bidra til økt sysselsetting og videre bosetting i indre Gulen.

Gulen kommune og friluftsområdet prosjektet grenser mot er fra før påvirket av kraftutbygging. En utbygging vil etter vårt syn ha visse konsekvenser for landskap og inngrepsfri natur og bidra til å øke inngrepstettheten i området. Den vil også kunne påvirke biologisk mangfold negativt. Dersom dette kraftverket - i tillegg til Storelva og Duvedalen kraftverk - får konsesjon, vil det bli flere inngrep i samme område. Derfor mener NVE det er viktig at det stilles strenge krav til utbyggingene slik at totalbelastningen blir minst mulig. Med tunnel i stedet for nedgravd rørgate og god landskapstilpassing av terrenginngrep vil de landskapsmessige konsekvensene i stor grad bli begrenset. Ved en eventuell konsesjon vil det også være viktig med tilstrekkelig minstevannføring av hensyn til fossene som landskapselement, fossefall og eventuelle fuktighetskrevende arter nær elva.

NVE mener at fordelene ved tiltaket overstiger ulempene for allmenne og private interesser som blir berørt. Kravet i vannressursloven § 25 er dermed oppfylt. NVE gir Småkraft AS tillatelse etter vannressursloven § 8 til å bygge Kvernhuselva kraftverk. Tillatelsen gis på nærmere fastsatte vilkår, herunder krav om vannvei i tunnel og slipp av minstevannføring hele året.

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra Småkraft AS, datert 1.6.2007:

Småkraft AS ønsker å utnytte deler av fallet i Kvernhuselva og søker herved om tillatelse til følgende utbygging:

- *Etter vannressursloven, jf. § 8, om tillatelse til å bygge Kvernhuselva kraftverk,*
- *Etter energiloven om tillatelse til bygging og drift av Kvernhuselva kraftverk med tilhørende koblingsanlegg og kraftilinjer som beskrevet i søknaden,*
- *Etter forurensningsloven om tillatelse til gjennomføring av tiltaket.*

Tabell 2.1

Kvernhuselva kraftverk, hoveddata

TILSIG		Hovedalternativ
Nedbørfelt	km ²	4,4
Middelvannføring (1961-1990)	m ³ /s	0,58
Alminnelig lavvannføring	m ³ /s	0,046
5-persentil sommer	m ³ /s	0,130
5-persentil vinter	m ³ /s	0,048
KRAFTVERK		
Inntak	moh	391
Avløp	moh	35
Fallhøyde brutto	m	356
Midlere energiekvivalent	kWh/m ³	0,82
Slukeevne maks.	m ³ /s	1,2
Slukeevne min.	m ³ /s	0,04
Tilløpsrør, diameter	mm	800
Tunnel, diameter	mm	
Tilløpsrør/tunnel lengde	m	750
Installert effekt, maks	MW	3,6
Brukstid	Timer	4000
PRODUKSJON		
Produksjon vinter (1/10-30/4)	GWh	5,9
Produksjon sommer (1/5-30/9)	GWh	5,6
Produksjon året	GWh	11,5
ØKONOMI		
Byggekostnad	mill. NOK	38,6
Utbyggingspris	NOK/kWh	3,3

Kvernhuselva kraftverk, elektriske anlegg

GENERATOR		
Ytelse	MVA	4,2
Spennning	V	690
TRANSFORMATOR		
Ytelse	MVA	4,2
Omsetning	V/kV	690/22
KRAFTLINJER		
Lengde	km	0,2
Nominell spenning	kV	22
Luft/jord		luftlinje

Høring og distriktsbehandling

NVE har mottatt følgende høringsuttalelser til søknaden:

Gulen kommune har i hovedutvalg for plan og utvikling den 14.9.2007 vedtatt følgende:

"Gulen kommune har slike merknader til søknad om løyve til å byggje Kvernhuselva kraftverk:

- Kommunen vil i utgangspunktet ikkje sette krav om utarbeiding av reguleringsplan for tiltaket inkl. kraftleidningar.*
- Høgspentlina fram til hovudnettet bør leggjast i jord.*

(...)

Utbygginga skal skje i eit LNF-område. Det er opp til kommunen om det skal krevjast utarbeiding av reguleringsplan for småkraftverk i LNF-område. Administrasjonen vurderer saka som godt opplyst gjennom konsesjonssøknaden, og meiner tiltaket bør kunne avklarast i samband med planlagt revisjon av arealdelen av kommuneplanen i 2007 med omsyn til endring av arealbrukskategori.

Det har så langt ikkje kome innspel til kommunen i samband med saka.

Konsekvensutgreiinga som er laga har teke føre seg forhold som landskap, natur, biologisk mangfald, fiske og ferskvassbiologi, kulturminne, friluftsliv, landbruk, og støy og forureining. Det er gjort avbøtande tiltak ved mellom anna minstevassføring, damkonstruksjon, opprydding og revegetering, utforming av kraftstasjon og støyreduksjon ved inntakskanalen. Dei mest synlege konsekvensane av tiltaket lokalt vil vere mindre vassføring og om lag 200 m høgspentakblar i luftlinje fram til 22 kV-lina på andre sida av E39."

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane uttalte i brev av 7.7.2008:

"Tilråding

Slik vi oppfattar styringssignala frå departement og direktorat er denne utbygginga i strid med målsetjingar om forvaltning av urørt natur. Med føresetnad om at det vert kravd minstevassføring i elva heile året og god landskapstilpassing, vurderar Fylkesmannen at utbygginga elles er akseptabel i høve til allmenne interesser, og i høve til lakse- og innlandsfiskelova og ureiningslova.

Når det gjeld forholdet til INON/urørd natur må denne søknaden sjåast i samanheng med søknad om utbygging i Tjønnbekken/Duvedalselva.

Ved ev. utbygging må det leggjast vekt på skånsam utføring, god terrengtilpassing og minst mogleg inngrep. Det meste av desse anlegga ligg godt synleg frå gjennomfartsveg og/eller tursti. Vi vil rå til at Alt. A for vassvegtrasé m.m. vert vald. Fylkesmannen føreset at det vert sett krav om minstevassføring heile året av omsyn til biologisk mangfald generelt, sjøaure spesielt og av landskapsomsyn. Det må vere vassføring heile døgnet for at ein del organismar skal overleva og minstevassføring bør vere minimum 5-persentilen sommar og vinter.

Kantvegetasjon langs elva må ikkje fjernast, jf. § 11 i vassressurslova. På grunn av sjøaurestreking nedst vil vi rå til at det vert kravd forbisleppingsventil som sikrar at det ikkje vert brå vasstandsendingar i elva dersom kraftverket stoppar. Ei ev. utbygging må ikkje gje endringar i vassregime i Storlivatnet. Dersom dette er aktuelt føreset vi at området vert utgreidd særskilt med tanke på biologisk mangfald, og særleg fugl og fisk.

Det er søkt om fleire små kraftverk og eit større, lengre inne på sørsida av Sognefjorden. I tillegg er fleire vassdrag i dette område allereie utbygd. Det er vanskeleg å vurdere desse i samanheng, og det aktuelle influensområdet i denne saka har etter det vi kjenner til ikkje særlege kvalitetar når det gjeld biologisk mangfald. Vi ber NVE vurdere innspel frå lokalt hald om det er aktuelt å bruke vassdrag i eit av dei mest nedbørrike områda i landet som referansevassdrag.

(...)

Landskap og friluftsliv

Vi har synfare berre dei nedste delane av elva, og har teke utgangspunkt i opplysningar i søknaden for vurdering av interesser i dei øvre delane av prosjektet/influensområdet.

Elva ligg vendt mot dalen og er godt synleg frå E 39. Den er ikkje eksponert i høve til fjorden, men er lokalt eit viktig landskapselement. Minstevassføring er difor eit viktig avbøtande tiltak. Illustrasjonane i søknaden gjev ikkje godt grunnlag for å vurdere nivå på minstevassføring i høve til landskap. Dette kan med fordel supplerast. Ein kvartærgeologisk forekomst blir noko påverka, men etter vår vurdering ikkje i så stor grad at det er avgjerande for prosjektet.

Det kan verke som inntaksdammen med 35 m lengde kan bli dominerande i landskapet. Vi ber om det vert vurdert alternative plasseringar som gjev ein mindre konstruksjon, jf. også fiskeinteressene.

Anleggsvegen vil etter alternativ A gå i same området som stien opp langs elva, og det er vårt inntrykk at denne er noko brukt, m.a. til å gå opp til Storlivatnet. Alternativ B har mindre konflikt i høve til friluftsliv. Også dammen vil vere eit framandelement i høve til naturopplevinga. Minstevassføring er eit sentralt avbøtande tiltak også for friluftsliv. For at verknadane for friluftsliv skal bli mest mogleg akseptable er det viktig at inngrepa blir minst moglege og tilpassa landskapet så langt som råd. Vi viser elles til Sogn og Fjordane Turlag sitt innspel om friluftstinteresser.

Naturmiljø, biologisk mangfald og inngrepsfri område (INON)

Det er i kartlegginga vurdert å vere ein lokalt viktig "oseanisk løvskog" på nordsida av elva i den nedre delen av influensområdet. Alt. B vil vere i konflikt med dette området.

Oter (VU/sårbar) er observert i nedre del av Storelva, og kan sannsynlegvis også ha næringssøk i nedre del av Kvernrelva. Storlivatnet kan bli brukt av m.a. storlom (VU/sårbar). I følgje Artsdatabanken er det indikasjonar på at denne har hatt tilbakegang i Sogn og Fjordane, og den er særleg sårbar når den blir uroa på hekkeplassane. Det er også nemnt ein del andre raudlista fugleartar som kan opptre i influensområdet. I følgje søknaden skal inntaksdammen byggast slik at den ikkje fører til oppstuvning i Storlivatnet. Så lenge forholda i og ved vatnet ikkje er betre undersøkt meiner vi det er ein føresetnad at ikkje vasstand osv. i Storlivatnet vert endra pga. utbygginga. Etter det vi kan sjå av miljørapporten har synfaringa vore i september, noko som ikkje er særleg gunstig i høve til registrering av fugl.

Fylkesmannen viser til at det ikkje er i tråd med notidas krav til vasskraftutbygging å godta turrlegging av vassdrag. Mange vassdrag vert bygd ut og vi føreset at det vert kravd minstevassføring som ivaretek ein viss biologisk funksjon i elva og for vasstilknytte artar. 5-persentilen er meir i tråd med miljøbasert vassføring enn alminneleg lågvassføring. Elvestrekka produserar for eksempel næring til sjøaure nedst i vassdraget.

På grunn av kollisjonsfare med fugl og landskapsinntrykk vil vi rå til at det vert nytta jordkabel i staden for luftspenn for å få tilgang til straumnettet.

Eit ca 50 km² stort INON-område vert redusert ved ei ev. utbygging. Området er definert som sone 2 (1-3 km frå tyngre tekniske inngrep), og har ei lita kjerne på ca. 0,16 km² med sone 1 (3-5 km² frå tyngre tekniske inngrep). Sone 2 vert redusert med 1,25 km², og kjernen med sone 1 går tapt ved ein ev. utbygging. (I søknaden står det ca. 0,13 km² reduksjon, men etter våre opplysningar er dette området på ca. 0,16 km².) Det er eit politisk mål å ta vare på inngrepsfrie naturområde, og vår vurdering er at dette er eit svært uheldig inngrep i forhold til dette målet. I følgje OED sine retningslinjer for små vasskraftverk har "Inngrepsfrie områder (uavhengig av sone) i kommunar og regionar med lite rest-INON "Stor verdi". I tillegg kan det vere naturleg å auke verdivurderinga der det inngrepsfrie området er viktig for andre verdiar, for eksempel friluftsliv eller biologisk mangfald. Gulen kommune har svært lite areal igjen av sone 1 og villmarksprega område. I følgje tal frå Direktoratet for naturforvaltning (2003) har kommunen ca. 6,1 km² i INON sone 1. Dette utgjer ca. 1 % av kommunen sitt totale areal. Utbygginga vil utgjere ca. 2 % reduksjon av kommunen sitt areal i sone 1, men dette området er eit av to veldig små restområde som ligg på fastlandet i kommunen. Resten av områda i INON sone 1 og alle villmarksprega område ligg ut mot kysten/på øyane. Det er difor dei siste restane av INON sone 1 i kystfjella i Gulen det her er tale om. (Det andre området i INON sone 1 er på 0,02 km²). Andre kjende verdiar knytt til det aktuelle utbyggingsområde er særleg friluftsliv, jf. under dette tema ovanfor, og ev. landskapsinntrykk. Urørt natur vert stadig viktigare også her i Noreg. Slik vi oppfattar styringssignala frå departement og direktorat er denne utbygginga i strid med målsetjingar om forvaltning av urørt natur.

Fisk og fiske

Kvernhuselvas nedre strekning fungerer i dag som gyte- og oppvekstområde for sjøaure. Bonitering har vist at dei nedre delane som ligg nedanfor planlagt kraftverk, har mest eigna forhold. Frå kraftstasjonen og oppover til vandringshinderet 70 m ovanfor, er det uegna oppvekst- og gyteforhold.

Storlivatnet vert fiska ein del. I følgje opplysningar i søknaden vert det teke opp ca. 70 kg aure i året på garnfiske. Både tidlegare undersøkingar og dagens observasjonar tyder på at det er fin fisk i vatnet. Det vert i søknaden opplyst at det berre er ein stabil gytebekk for vatnet, og denne har utløp på austsida av vatnet. I tillegg er det truleg noko gyting i utløpet, men dette vil bli påverka av ev. inntaksdam til kraftverket. Resten av influerte vassstrekning har i følgje søknaden liten verdi for fisk og fiske.

Med bakgrunn i sjøaureinteressene i vassdraget vil Fylkesmannen rå til at det vert pålagt forbisleppingsventil. Kapasiteten på ventilen bør vere på om lag halvparten av turbinens største slukeevne. Det må også vere krav om minstevassføring heile året (og heile døgnet), for å sikre eit visst biologisk mangfald og produksjon av næringsdyr. Vi ber også om at det vert vurdert om inntaksdammen kan trekkast noko lengre ned slik at gyteområde i utløpsområdet av Storlivatnet kan oppretthaldast.

Ureining, vasskvalitet og støy

Det er ikkje venta at vasskvaliteten vil endre seg på grunn av vassuttaket. Vi ser det som lite sannsynleg at vasskvaliteten vil bli vesentleg endra av omsøkt tiltak. I høve til ureiningslova er tiltaket difor lovleg. Dersom det viser seg at tiltaket fører til skader eller ulemper ein ikkje er klar over eller har opplysningar om no, kan det bli aktuelt å vurdere tilhøvet til ureiningslova på nytt. Tiltakshavar kan vidare bli erstatningspliktig for ev. skader/ulemper som følgjer av tiltaket.

Når det gjeld forsuringssituasjonen vil vi peike på at det er ein generell og godt merkbar betring i området.

Kraftstasjonen blir ikkje liggande i nærleiken av busetnad osv, men det må likevel takast omsyn til ytre omgjevnader. Vi føreset at det gjennom detaljprosjekteringa vert gjort støydempande tiltak.

Landbruk

I søknaden er det vurdert at tiltaket vil ha positive konsekvensar for landbruket. Alt. B kan ev. kombinerast med uttak av hogstmogen granskog."

Sogn og Fjordane fylkeskommune uttalte i brev av 25.4.2008:

"Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune handsama uttale til nemnde kraftverk i møte 21.04.2008 (sak nr. 40/08). Følgjande uttale vart vedteken:

- Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at det vert gjeve konsesjon til bygging av Duvedalen kraftverk, Kvernhuselva kraftverk og Storelva kraftverk, under føresetnad av det vert gjennomført avbøtande tiltak. Dei skal hindra at utbyggingane fører til stor negativ påverknad på landskap og friluftsliv og sikra levekår for sjøaure, jamfør saksutgreiing.
- Fylkeskommunen er samd med Gulen kommune sitt krav om å leggje høgspennetliner i jordkabel

(...)

Kvernhuselva kraftverk

Tiltaksområdet har middels til stor verdi for tema "Geologi og landskap", "Biologisk mangfald" og "Kulturminne". Konsekvensane er likevel ikkje venta å verte spesielt store for desse tema, med unntak for landskap. Området har berre middels til liten verdi for dei andre kartlagde tema.

Det er venta middels til stor negativ konsekvens for landskapet. Det er vassveg og anleggsveg som gjev størst påverknad. I tillegg er det venta middels påverknad som følgje av inntaksdam, redusert vassføring og kraftstasjon.

Det vil bli planta busker langs røyrkata, som eit tillegg til naturleg attgroing. Dette vil venteleg dempe dei negative påverknadane på landskapet. Krav om revegetering med avdekka torv vil også redusere negative verknader av vassvegen og anleggsvegen. Likeins kan krav om større minstevassføring og forblending av inntaksdam redusere dei negative verknadane.

Når det gjeld kraftstasjonen vil ei plassering nordom Kvernhuselva kunne gje mindre negativ effekt, men eit slikt alternativ vil kunne vere problematisk på grunn av at røyrkata då lyt krysse elva.

Sjøaurebestanden kan verte negativt påverka av utbygginga. Det er vorte relativt vanleg å setje vilkår om omløpsventil i kraftverk i lakse- og sjøaureførande vassdrag. Omløpsventil hindrar tørrlegging av elva nedanfor kraftstasjonen ved brå driftsstopp og reduserer såleis faren for fiskedød i slike situasjonar.

(...)

Felles for tiltaka

Vi reknar med at eigedomane straks vert meir attraktive, dersom det vert gjeve konsesjon. Dette som følgje av betre inntekspotensial frå muleg fallutleige. Dette kan trygge/gje ny busetjing og næringsverksemd i området. Venteleg er denne effekten størst for det fyrste prosjektet som eventuelt får konsesjon, mellom anna sidan grunneigarane er dei same for alle prosjekta.

Problemstillinga knytt til mulege "sumeffektar", som Sogn og Fjordane turlag reiser i sin uttale, er relevant. Urøyrde elvar vert etterkvart "sjeldsynt" i dette område. Vi ser at Duvedalen kraftverk og Kvernhuselva kraftverk kan vere spesielt konflikthulle i så måte. Bygging av desse kraftverka kan særleg medverke til negative sumeffektar for tema friluftsliv og landskap.

Kraftlinjer i luft, frå kraftstasjonane til eksisterande straumnett, utgjer ein trussel for fuglar gjennom kollisjonsfare. Dette kan ein unngå ved å legge kabel i bakken. Dette vil også vere ei visuelt betre løysing. Gulen kommune tilrår bruk av jordkabel i sine uttalar.

Automatisk freda kulturminne

Fylkesrådmannen har i dag ikkje kunnskap om registrerte automatisk freda kulturminne (før 1537) i dei områda som vert råka av tiltaka. Områda knytt til tiltak for Duvedalen, Kvernhuselva og Storelva kraftverk er vurdert til å ha eit lågt potensiale for funn av automatisk freda kulturminne, det vil seie spor etter busetnad og erverv frå forhistorisk tid. Det er såleis ikkje naudsynt å gjennomføra arkeologiske registreringar (jf. Undersøkellesplikta, § 9 i Lov om kulturminne) i høve dette kraftverket.

Vi ser likevel ikkje vekk ifrå at det kan ligge automatisk freda kulturminne innanfor det arealet som vert råka av tiltaka. Tiltakshavar må vere merksam på at han har plikt til å vise varsemd og til straks å melde frå til Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Kulturavdelinga dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne. Automatisk freda kulturminne kan i denne samanheng vere konsentrasjonar av trekol i undergrunnen, samlingar av stein eller steinsettingar, eller våpen og reiskap i metall eller stein.

Når det gjeld tilkopling til linenettet for Kvernhuselva kraftverk ser vi at lina er tenkt plassert over eldre jordbruksland. Dette jordsbrukslandet vurderer vi til å ha potensiale for automatisk freda kulturminne og på den bakgrunn er det naudsynt å gjennomføre ei arkeologisk registrering i området, jf. § 9 og 10 i Lov om kulturminne. Vi ser å utføre ei slik registrering etter at ein eventuell konsesjon er gitt.

Kulturminne frå nyare tid

For utbygging av Kvernhuselva Kraftverk er den planlagde kraftstasjonen plassert på kote 30. I dette området ligg det eit vassbruksmiljø med to eldre Sefrak-registrerte kvernhus. For ikkje å skade vassbruksmiljøet og med det eit viktig landskapselement vil eit høveleg avbøtande tiltak vere å flytte kraftstasjonen oppstrøms til kote 40. I samband med denne utbygginga, er det planlagt ein ny tilkomstveg fram til inntaket i Kvernhuselva. Dette veganlegget er planlagt i sterkt hellande terreng og med fleire sløyfer oppover den bratte lia. Ei slik utbygging med vegskråning og nødvendig fylling i tillegg til sjølv rørgata, vil etter fylkesrådmannen si vurdering vere eit unødig stort inngrep i landskapet og der fare for erosjon heller ikkje kan utelukkast. Avbøtande tiltak kan vere å bruke helikopter til transport under sjølv utbygginga.

Generelt for alle dei tre utbyggingane kan seiast at gamle ræser og stølsvegar er å sjå på som kulturminne og viktige element i landskapet. I den grad det er muleg, må det ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som gamle vegar, steingardar, bakkereiner eller andre synlege spor

etter tidlegare landbruksaktivitet i områda. For å få minst muleg synelege spor i kulturlandskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til overdekking på grøftene. Eventuell overskotsmasse frå nedgraving av røyrgata må plasserast på ein slik måte at den vert lite synleg i terrenget, og med naturleg vegetasjon som overdekking.

Konklusjon/tilråding

Alle dei omsøkte kraftverka fører til ulemper for ålmenne interesser. Vi kan likevel rekne med at ulempene vert vege opp av inntektene og positive verknader for busetjing og næring, i alle fall dersom prosjekta vert utforma på ein måte som dempar ulempene. Det vert difor rådd til at omsøkte kraftverk får konsesjon.”

Statens vegvesen uttalte i brev av 10.9.2007:

”Vi viser til Dykkar brev av 15.08.07 med søknad om bygging av Kvernhuselva småkraftverk i Gulen kommune.

Kvernhuselva er ei sideelv til Storelva som renn ut ved tettstaden Insteffjord inst i Risnesfjorden. Utbygginga føreset ikkje kryssing av stamvegen E 39, men det må etablerast tilkomst til utbyggingsområdet frå stamvegen.

Vi viser her til vår uttale til bygging av Storelva kraftstasjon av 10.09.07 som følgjer vedlagt.

Statens vegvesen har fylgjande merknader til søknadane om løyve/ konsesjon for bygging av eit småkraftverk i Storelva:

I utgangspunktet vil ikkje Statens vegvesen setje seg i mot at det kan byggast eit kraftanlegg med tilhøyrande installasjonar dersom utbygginga kan løysast på ein måte som ikkje påfører Statens vegvesen vesentlege ulemper med omsyn til drift og vedlikehald av E 39.

(...)

Tilkomst til utbyggingsområdet.

Kryss/avkøyring til dei ulike delane av utbyggingsområdet og kraftstasjonen må løysast både under anlegget og på permanent basis etter at anlegget er teke i bruk. For begge tilfella gjeld at avkøyringar/kryss skal oppfylle minimumskrav til teknisk utforming som friskt, kurvatur og stigning. Det skal søkjast om løyve til tilkomst både for mellombels og permanente løysingar. Vi ber også om at det vert vurdert om det skal setjast opp bom i dei permanente avkøyringane til kraftstasjon og damanlegg.

(...)

Det er eit absolutt krav frå Statens vegvesen at bygging av kraftverket ikkje skal føre til kostnader for Statens vegvesen. Alle kostnader må berast av utbygger av kraftverket. Ved eventuelle skadar i ettertid må dei som eig eller er ansvarleg for drift av kraftverket vere økonomisk ansvarleg for skadar som skuldast etablering av kraftverket.”

BKK Nett AS uttalte i brev av 17.10.2007:

”Nettilknytning

Vi viser til Dykkar oversending om 3 småkraftverk ved Insteffjord med planlagt installasjon på til saman 10,6 MW. Vi er frå før kjent med slike planar men då med ein ytelse på til saman 8,5 MW.

Fordelingsnettet i området er tilkoppa over ca. 15 km 22 kV luftnett frå Matre kraftverk. Saman med andre planar er det innmeldt eller eksisterer i sum om lag 20 MW småkraftverk som har fordelingsnettet under Matre som naturleg tilknytningspunkt. Slik produksjonsmengd vil gje tilbakelevering til transmisjonsnettet som overskrid eksisterande transformatorkapasitet i Matre kraftverk. Av den grunn har vi på Matre planlagt nytt transformatorfelt 132/22 kV og dimensjonert for inntil 25 MVA. Kostnad er kalkulert til 9,2 mill NOK som må fordelast mellom planlagde produksjonstilkyntingar.

22 kV kraftlinje mellom Matre og Insteffjord er heller ikkje optimalt dimensjonert for slik produksjon. Både maksimal straum og spenningsvariasjon set grenser kva som kan tillatast. I forhold til maksimalstraum kan ny produksjon inntil 10 MVA (kan 250 amp) tillatast ved Insteffjorden. Det trengs god evne til spenningsregulering så i periodar må det påreknast effektfaktor på 0,87. Kapasitet ut over dette krev utskifting til større leidningstverrsnitt eller andre løysingar som i tilstrekkeleg grad sikrar mot fare for overbelastning.

Øvrige nettdeler som er spesifikke for dei enkelte kraftverk bør kraftverket sjølv eiga, men eventuelle høgspenningsdeler kan byggast etter vilkår i områdekonsesjon gitt til BKK Nett AS. Alle kostnader fell på utbyggar. Kostnader med dette er ikkje kalkulert ut over det som går fram av konsesjonssøknaden.

Kraftverka må dimensjonerast for min. $\cos \phi$ 0,87 og kunna kjøra både over- og undermagnetisert. Kraftverka skal ikkje gå i separat drift, og må utstyrast med høveleg vern for rask utkopling ved feil i nettet. Detaljering av verneplanar og funksjonstest etter bygging skjer i samarbeid med nettselskapet. Det same gjeld spesifikasjonar for avrekningsmåling.

Måleverdiar, statusmeldingar og evt. kommando for nødutkopling må overførast til BKK Nett sin nettsentral over avtalt grensesnitt."

Sogn og Fjordane Turlag uttalte i brev av 27.10.2007:

"Generelt om alle dei 3 utbyggingane:

Slukevna for kraftstasjonane: Den maksimale slukevna for dei 3 kraftstasjonane varierer mellom 197 og 207 % av gjennomsnittsvassføringa. Vi er kritiske til ei så sterk utnytting av vatnet, særleg for Duvedalen og Kvernhuselva. Det blir lite variasjon att i elvane etter utbyggingane. Vi ber NVE vurdere om den maksimale slukevna bør reduserast.

Grunneigarane er dei same 5 for alle dei 3 utbyggingane. Berre ein av dei driv aktiv jordbruksdrift. For alle utbyggingane vert det hevda at dei vil "kunne stimulere til vidare landbruksdrift, busetting og ny optimisme i området." Vi er einige i at ei utbygging vil kunne ha slik verknad. Ei utbygging til vil kanskje ha ein viss slik tilleggsverknad. Men vi stiller oss sterkt tvilande til at ei 3. utbygging vil ha nemnande positiv tilleggsverknad. Derfor treng ikkje alle 3 kraftverka byggast for å oppnå ei slik stimulering. Kanskje kan altfor mange kraftutbyggingsinngrep til og med gjere det mindre attraktivt å bu i Insteffjord?

Minstevassføring: Ei side av verknaden av minstevassføring er knapt nok nemnd i konsesjonssøknadane eller i miljørapportane: At minstevassføring sterkt betrar livsvilkåra for vasslevande organismar som er mat for fisk og fossefall, også nedstrøms kraftstasjonane. Særleg der det er oppvekstområde for sjøaure nedstrøms kraftstasjonane, meiner vi dette er viktig å ta omsyn til. Det bør sleppast minstevassføring både heile året og heile døgnet.

Vasstemperatur, istilhøve og lokalklima: Områda nedstrøms kraftstasjonane ligg for alle 3 kraftverka i nærleiken av E 39. Kan ein om vinteren risikere at den høgge vasstemperaturen ut frå kraftstasjonane fører til fuktigare luft som igjen fører til at det i kaldt vēr legg seg meir rim

på vegen enn før, slik at trafikktryggleiken vert skadelidande? Vi veit for lite om dette, men viss svaret er ja, kan dette vere ei viktig sak!

Sumverknaden av mange utbyggingar og trong for referansevassdrag: I Gulen kommune er det mange både store og små utbyggingar som enten har fått konsesjon eller som er i ulike stadium av handsaming i NVE. Det er ganske få vassdrag att i Gulen som ikkje er enten utbygde eller planlagt utbygde. Vi går ut frå at NVE har godt oversyn over dette. Før det vert gitt fleire konsesjonar, er det sterke grunnar til å sjå nærare på sumverknadane av dei mange utbyggingane, og vurdere om ein skal "sette bremsene på" for nokre av dei:

- Store delar av den delen av Gulen kommune som ligg aust for E39, har i fylkesdelplanen for arealbruk status som Regionalt viktig friluftsområde. Sjå www.fylkesatlas.no for detaljar (Avansert kart). Aust for det no utbyggingsaktuelle området, er landskapet prega av omfattande kraftutbyggingsinngrep. Det næraste store reguleringsmagasinet, Holmevatnet, ligg eit kort stykke aust for nedslagsfeltet til Duvedalen kraftverk, og vidare austover er det ei heil rekkje andre store reguleringsmagasin og andre kraftutbyggingsinngrep. Sjå NVE Atlas. Duvedalen og Kvernhuselva kraftverk vil kome inn som nye inngrep i to av dei viktigaste "inngangsportane" til den stort sett urørte vestlege delen av dette friluftsområdet. Dette gir grunn til å vurdere desse utbyggingane ekstra kritisk med tanke på sumverknadar!
- Av omsyn til landskap må ein også vurdere sumverknadar, og det må ein gjere no, før altfor mange av dei aktuelle elvane er bygde ut!
- Brekkeområdet er landets mest nedbørrike, og dei fleste vassdraga i området er nordvende og mindre utsette for soloppvarming enn sør- og vestvende vassdrag. I sum gjer dette at potensialet for å finne raudlista fuktkevjande plantar/andre organismar er stort i dette området. Det er trong for 1-3 representative, nordvende, type-/referansevassdrag i dette landets mest nedbørrike område! Dei verna 068/1 Dingja (vestvendt låglandsvassdrag) og 067/1 Yndesdalsvassdraget (sørvestvendt) er begge så absolutt verneverdige, men er ikkje den typen referansevassdrag som vi etterlyser her. Ettersom det ikkje finst eit aktuelt, representativt verna vassdrag langs den vestlege delen av sørsida av Sognefjorden, må NVE ivareta trongen for dette gjennom (vurdering av sumverknadar i) konsesjonshandsamingsprosessen. Duvedalen er vel for mykje vestvendt til å vere aktuelt som eit slikt referansevassdrag, men den er det til gjengjeld stor grunn til å vurdere med tanke på friluftsliv og landskap!

NVE har no til handsaming i alle fall 6 saker i det aktuelle området. Desse 3 søknadane og Engesetelva kraftverk frå Småkraft AS, Ytre Oppedal kraftverk, og Østerbø kraftverk, det siste i Høyanger kommune. Vi oppmodar NVE om ikkje å ta stilling til nokon av desse sakene, og andre i området, før det er vurdert kva for eitt, eller to, eller tre vassdrag i området som av omsyn til ulike slags sumverknadar ikkje bør byggast ut.

Bakgrunnen for at vi har teke opp trongen for referansevassdrag i området, punkt 3 ovanfor, er ei intern fråsegn Barna sitt Turlag avdeling Gulen gav oss om Engesetelva kraftverk. Sitat:

"Dokumentasjonen av naturgrunnlaget i konsesjonssøknaden synest god, men ut frå føre var prinsippet kan ein vere spørjande til om nettopp det mest nedbørsrike område i Noreg skulle ha eit referanseområde for ikkje-registrerbare verdiar anno 2007.

Utbygging av fleire andre vassdrag og søknader som er inne til handsaming i området har redusert tilgangen på nettopp referanseområde. Barnas Turlag har ikkje høvande kompetanse for å registrere naturverdiar som pr. i dag kan ha verdi i området. Området

har nok truleg potensiale for naturverdiar utifrå nasjonale nedbørsrekorder og dertil ekstreme fuktigheitsforhold. Det må erkjennast at ein alltid kan påvise nye organismar og naturverdiar etter kvart som ein får betre kunnskap og teknologi, om ein tenkjer i eit lengre perspektiv.”

Generelt om biologisk mangfald: Vi vil gjerne sitere følgjande frå konsesjonssøknaden for Engesetelva kraftverk, då dette er svært relevant også for desse 3 utbyggingane: ”Det er likevel grunn til å peika på at med den omfattande utbygginga av vassdrag som er utført og under planlegging, så er det aukande fare for at sjølv einskilde meir vanlege element knytt til slike vassdrag er i ferd med å bli sjeldne.” og ”Vasslevande insekt og dermed fossefall og fisk vert ofte (kan verta) skadelidande av slike utbyggingar. Av den grunn vil vi tilrå minstevassføring ved ei eventuell utbygging også for Engesetelva. Også miljøet for fuktrevjande kryptogamar ved elva vil nytta godt av minstevassføring.”

Begge sitata, og særleg det første, er viktige argument for at ein må vurdere sumverknadar av mange utbyggingar, og at nokre vassdrag ikkje må byggast ut. Ein må ha referansevassdrag også mellom dei mindre, ikkje verna vassdraga.

Begge sitata, og særleg det siste, er viktige argument for at ein må ha ei skikkeleg minstevassføring i dei vassdraga som vert bygde ut!

Spesiell omtale av Kvernhuselva kraftverk:

Friluftsliv:

Omtalen av friluftsliv i Miljørapporten er også for denne elva ganske bra, og vi viser til den. Frå den lokalkjende vi har hatt kontakt med, kan vi stadfeste at det er fin fisk i Storlivatnet. Ein heil del av turgåinga i området er derfor knytt til fiske.

Kommentarar til utbygginga:

Slukevneintervallet for utbygginga er mellom 10,3 og 207 % av gjennomsnittsvassføringa, og 72 % av all vassføring gjennom året skal utnyttast. Også dette er ei hard utbygging! Vi ber NVE vurdere maks slukevne.

Mistevassføring: For minstevassføringa har utbyggaren eit kreativt framlegg (det er positivt meint!) om å sleppe heile minstevassføringa på dagtid, og stenge av minstevassføringa om natta. Viss omsynet til det visuelle hadde vore den einaste grunnen til at ein slepper minstevassføring, hadde dette vore ein god ide. Sjølv om vi ikkje er så imponert over framlegget til storleik på minstevassføringa. For om ein på dagtid om sommaren slepper det doble av ”Alminnelig lavvannføring”, 96 l/sek, så er dette likevel klårt mindre enn 5-persentilen om sommaren, 130 l/sek. (Eg håpar eg tolkar tala i konsesjonssøknaden rett.)

Men grunnen til at vi ikkje utan vidare kan applaudere ein slik måte å sleppe minstevassføring på, er at det er ikkje berre landskapet ein må ta omsyn til. Ein må også ta omsyn til at elva nedstrøms kraftstasjonen er eit viktig oppvekstområde for sjøaure. Og maten til sjøaurengelen (og fossefalle) lever for ein stor del i elva, og vert ført nedover med den. Av den grunn må det sleppast minstevassføring både heile døgnet og heile året i denne elva. Men det ser for oss ut til å vere ein absolutt god ide å auke minstevassføringa på dagtid om sommaren! Vi ber NVE krevje slepping av minstevassføring heile året, og krevje større minstevassføring om sommaren enn om vinteren. Om sommaren kan ein (med fordel, trur vi) vurdere å ha større minstevassføring på dagtid enn om natta.

Inntak: Det er positivt at inntaket vert lagt litt nedstrøms Storlivatnet, slik at vasstanden i dette ikkje vert påverka. Likeins er det positivt av dammen vert låg, og at farga betong skal nyttast.

Når det gjeld oppattbygging av den gamle steindammen ved utløpet av vatnet er vi noko meir tvilande. Kor kritiske vi er, er avhengig av kor høgt steindammen skal byggast opp. Oppattbygginga vil føre til at den gjennomsnittlege vasstanden i Storlivatnet vert høgare, og at variasjonane i vasstanden vert større. Kva konsekvensar får dette? Det er opplyst at raudlista storlom og/eller smålom truleg held til i Storlivatnet. Så vidt vi veit har desse fuglane reira sine heilt i vasskanten. Men kva vil skje viss variasjonen i vasstanden vert auka? Kan lomen då risikere at reirplassane kan kome under vatn av og til? Og kva konsekvensar kan ein slik auka variasjon få for fisken? Vi har dessverre berre kompetanse til å stille spørsmåla, ikkje til å gje svar!

Driftsvassveg/rørtrasé: Det er positivt at heile røyrkata skal gravast ned!

Kraftstasjonen: God støydemping er som i dei aller fleste andre tilfelle, viktig. Vasslås bør brukast viss det er meir effektivt enn "gummiskjørt". Eller kanskje begge delar er aktuelt? Av omsyn til fisken nedstrøms kraftstasjonen, meiner vi NVE bør krevje installering av omløpsventil. Det er gjort framlegg om eitt års etterundersøkingar for å passe på at vasstandsvariasjonane nedstrøms kraftstasjonen ikkje vert for store for fisken. Dette er bra, men vi ber NVE vurdere om ikkje denne perioden bør utvidast til 2 eller 3 år. Det er ikkje sikkert at ein vil oppleve alle eventuelle aktuelle avvikssituasjonar i løpet av det første året.

Vegbygging: Vegen i siksakk oppover den bratte fjellsida, vil bli svært skjemmaende i landskapet. Sjølv om vegen vert fjerna etter bruk, vil den likevel bli godt synleg i mange, mange år. Det er positivt at vegen skal fjernast etter at anleggsarbeidet er slutt. For den delen som eventuelt vert liggande att nedanfor skoggrensa, ber vi om at den vert omgjort til "køyresterkt terreng", slik at den vert mindre synleg.

